

Forslag om å auke gebyret for fritidsrenovasjon med meir enn ein fjerdedel av standardabonnementet.

I den gjeldande forskrifta til Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS (vedteken 2017/2018) heiter det at:

§ 10.9: Godkjende fritidseigedomar, jfr. § 2, betaler 1/4 fastgebyr ved bruk av dunk, sekk eller andre tilrettelagde løysingar. Godkjende ekstrasekkar kan, ved behov, kjøpast hos SSR til den prisen styret har fastsett.

I januar 2023 kom det ei ny lov som seier at kommunane er pålagde å sikre kjeldesortering for alle, også på hytta. For å framover kunne oppfylle lovkravet og gi alle som eig ein fritidsbustad i Hareid, Herøy, Ulstein og Sande dette tilbodet, ser vi behovet for å auke gebyret for fritidsrenovasjon slik at det blir høgare enn ein fjerdedel av standardgebyret.

I 2024 var fritidsgebyret **kr 1.248,- pr. år**, medan standardgebyret var **kr 4989,- pr. år**.

I 2025 føreslår administrasjonen å auke fritidsgebyret til **kr 1.560,- pr. år**. Standardgebyret blir føreslått å auke til **kr 5.388,- pr. år**.

Det vil seie at standardgebyret er føreslått å auke med 8 prosent, medan fritidsgebyret er føreslått å auke med 25 prosent. I kroner utgjer dette 312 kroner auke for fritidsabonnementet, medan det utgjer 399 kroner for standardabonnementet.

Differansen mellom å auke fritidsgebyret med 25 og 8 prosent, utgjer 213 kroner.

Dersom ein ikkje aukar fritidabonnementet med meir enn ein fjerdedel av standardabonnementet, vil kommunane få ein situasjon der dei fastbuande innbyggjarane subsidierer renovasjonsordninga til hytteeigarane. I tillegg risikerer selskapet å ikkje kunne oppfylle krava om å innføre eit tilbod om full kjeldesortering til hytteeigarane.

Til samanlikning opererer dei andre renovasjonsselskapa i fylket med ein gebyrpris på fritidsrenovasjon som ligg på rundt halvparten av standardgebyret.

At regelverket om innføring av full kjeldesortering i den nasjonale avfallsforskrifta må stå over den lokale forskrifta og risikoen for at dei fastbuande må ta delar av rekninga for hytteeigarane (med den konsekvens at selskapet bryt sjølvkostprinsippet), er årsaka til at administrasjonen tilrår å auke gebyret for fritidsrenovasjon med meir enn ein fjerdedel av standardgebyret i 2025.

Kjelder:

- Rettleiar frå Miljødirektoratet: <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/avfall/for-myndigheter/utsortering-og-materialgjenvinning-av-avfall/avfallstyper-og-krav-til-utsortering/>
- Avfallsforskrifta: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-06-01-930>
- Forskrifta til Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS: <https://reinholdsverket.no/om-oss/forskrift-for-s%C3%B8re-sunnm%C3%B8re-reinholdsverk-iks>

